



Aurland kommune

FORSKRIFT FOR AURLAND KOMMUNE TIL LOV OM MOTORFERDSLE I UTMARK OG PÅ VASSDRAG FASTSETT AV AURLAND KOMMUNESTYRE 16.09.04, sist endra 18.02.2010.

Denne forskrifta gjeld for motorisert ferdsle i utmark og på vassdrag i Aurland kommune, og utfyller dei føresegnene som er gjevne i Lov av 10. juni 1977 og Forskrift av 15. mai 1988. Forskrifta er fastsett av Aurland kommune den 16.09.04 med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10. juni 1977 § 4 siste ledd og § 5 punkt b, endra i K-sak 13/10.

§ 1 I Aurland kommune er all ferdsle med motorfartøy på vassdrag forbode

§ 2 Utan hinder av § 1 er det likevel lov å bruke motorfartøy (motorbåt) med motoryting inntil 10hk. på fylgjande vatn/vassdrag i Aurland kommune :

- Konghellervatnet
- Langavatn/Adamsvatn
- Nyhellervatnet
- Store Vargevatnet
- Svartavatnet
- Vestredalsmagasinet
- Store Liavatnet
- Viddalsmagasinet
- Vassbygdevatn
- Katlamagasinet
- Vetlebotnvatnet



Aurland kommune

KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR MOTORFERDSLE I UTMARK OG PÅ ISLAGDE VASSDRAG (K-sak 013/10)

Utfyllende retningslinjer for bruk av motorkøyretøy i Aurland kommune, med utgangspunkt i Forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag, §§ 5 og 6 og med utgangspunkt i felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella / Hardangervidda villreinområde sitt pkt 4, Framlegg til felles retningslinjer for motorferdsle i utmark. Heimel for å fastsetja retningslinjer for bruk av motorkøyretøy i utmark er gjeven i same forskrift § 7.

1. Omsyn til sårbare områder:

Høgfjellsområder som ligg ovanfor skoggrensa bør i størst mogeleg grad skjermast frå motorferdsle. Spesielt gjeld dette områda innanfor villreinen sitt leveområde, og områder som er underlagt vernestatus. Omsyn til natur- og friluftsjnteresser skal vektleggjast.

2. Val av trase :

All transport skal skje i kortast mogeleg trase mellom bilveg/jernbane og utgangspunkt. Det skal likevel takast særlege omsyn til villreinen sine beiteområder, kalvingsområder og trekkvegar. Der det er mogeleg skal oppkørde løyper nyttast.

3. Barmarkskøyring

Det vert normalt ikkje gjeve dispensasjon til køyring / transport på barmark

4. Tidsavgrensa køyring

Snøskuterkøyring er i utgangspunktet forbode:

- i perioden 1. mai til 1. desember
- palmesøndag og frå skjærtorsdag til og med 1. påskedag i tidsrommet kl 09.00 – 18.00
- i jule- og nyårshelga

5. Søknad om dispensasjon

Søknad skjer til kommunen på fastsett søknadsskjema. Elektronisk skjema på kommunen sine heimesider: www.aurland.kommune.no . Det vert kun gjeve løyve til datofesta enkeltturer, eller køyring innanfor eit kort tidsrom. Løyve med frist lengre enn 4 veker vert ikkje gjeve. Avvik frå gjevne opplysningar i søknaden skal varslast Aurland kommune.

6. Mynde

Med unnatak av søknader etter § 6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag, vert avgjerdsmynde ved søknad om køyreløyve gjeve til rådmannen. Søknader etter § 6 skal handsamast politisk. Plan og utvikling får delegert mynde til å innvilga leigekøyringsløyve.

7. Handheving, oppsyn og straff:

Kontroll med at lov, forskrift og retningsliner vert følgd ligg hjå politistyremaktene.

